



Lindås Rør & Sanitær AS
Burkhovdane 1
5914 ISDALSTØ

Referanser:

Dykkar: Heine Milde Nævdal
Vår: 17/2319 - 18/17261

Saksbehandlar:

Ingrid Bjørge Pedersen
Ingrid.Bjorge.Pedersen@lindas.kommune.no

Dato:

30.05.2018

Løyve til oppføring av minireinseanlegg - gbnr 24/140-141 Fammestad

Administrativt vedtak. Saknr: 273/18

Tiltakshavar: Svein Aage Løberg
Ansvarleg søkjar: Lindås Rør & Sanitær AS
Søknadstype: Søknad om løyve til tiltak med ansvarsrett etter plan- og bygningslova (pbl.) §§ 20-1 og 20-3.

Tiltak

Saka gjeld søknad om oppføring av avlaupsanlegg av typen minireinseanlegg Biovac FD 15 N GRP. Anlegget skal plasserast på gbnr 24/140. Søknad omfattar også leidningar i frå gbnr 24/141 og inn på minireinseanlegget, leidning frå gbnr 24/140 og inn på anlegget, samt leidning frå minireinseanlegg og frå til utsleppstad.

Andre tiltak som kan vere vist på innsendte teikningar er ikkje omfatta av vedtaket.

Det vert elles vist til søknad motteken 28.07.2017.

Planstatus

Eigedomen ligg i uregulert område innanfor det som i kommuneplanen sin arealdel er definert som bustadføremaal.

Dispensasjon

Tiltaket krev ikkje dispensasjon.

Uttale frå anna styresmakt

Det er henta inn slik uttale frå Statens Vegvesen den 16.10.2017:

«Vi vurderer at det er berre søkt om å grave ned røyr under vegen, og ikkje andre tiltak eller installasjonar i tilknytning til dette. Tiltakshavar må difor i dette tilfellet sende inn søknad om graveløyve til Statens vegvesen. På fv. 397 vil nok boring under veg vil bli vurdert som ei mogleg løysing.»

Nabovarsel

Post

postmottak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 50 00
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 3201.05.89311
Org.nr. 935 084 733



Tiltaket er nabovarsla i samsvar med pbl. § 21-3.
Det ligg ikkje føre merknader frå nabo.

Plassering

Plassering av tiltaket er vist i situasjonsplan datert 28.07.2017.

Anlegget skal plasserast på gbnr 24/140. Vidare syner situasjonskart leidningstrasé frå både gbnr 24/141 og gbnr 24/140 og inn på anlegget, samt leidning frå minireinseanlegg under fylkesveg 397 og fram til bekk på gbnr 24/2.

Det er i søknad opplyst om at bekk har heilårs vassføring.

Vatn og avløp (VA)

Eigedomen er sikra lovleg vassforsyning og avlaup i samsvar med pbl. §§ 27-1 og 27-2.

Tiltaket skal knytast til privat avlaup av typen minireinseanlegg Biovac.

Det er søkt om og gjeve utsløppsløyve i sak/vedtak datert 30.05.2018 for gbnr 24/141 og gbnr 24/140.

Utsløppsløyve gjeld for minireinseanlegg Biovac FD 15 N GRP og gjeld for 15 PE.

Tilkomst, avkøyrsløp og parkering

Søknad omfattar ikkje endring i høve avkøyrsløp, tilkomst og parkering.

Terrenghandsaming

Leidning skal vere nedgravd fram til anlegget, og vidare fram til utsløppstad. Det går fram av søknad at leidning frå minireinseanlegget skal førast under fylkesveg 397. I uttale i frå Statens Vegvesen er det opplyst om krav til graveløyve, dette gjeld også for boring under offentleg veg. Denne skal handsamast av Statens Vegvesen.

Visuelle kvalitetar

Tiltaket skal prosjekterast og utførast slik at det etter kommunen sitt skjønn har gode visuelle kvalitetar både i seg sjølv, og i høve til tiltaket sin funksjon, bygde og naturlege omgjevnader og plassering, jf. pbl. § 29-2.

Tekniske krav til byggverk

Tiltaket skal prosjekterast og førast opp i samsvar med forskrift om tekniske krav til byggverk (TEK), jf. pbl. § 29-5.

Alt avfall skal leverast som næringsavfall til mottak godkjent av forureiningsstyresmakta.

Plassering

Tiltaket vert godkjent plassert slik det går fram av søknaden.

Privatrettslege tilhøve

Det ligg i søknad føre skjøtte mellom eigar av gbnr 24/2 og eigar av gbnr 24/141 som sikra privat rett til å føre leidning i frå minireinseanlegg inn på eigedom gbnr 24/2.

Tiltaksklasse

Kommunen legg søkjar si vurdering av tiltaksklasse til grunn.

VEDTAK:

Med heimel i plan- og bygningslova § 20-1, jf. pbl § 20-3 vert det gjeve løyve i eitt trinn for etablering av minireinseanlegg av typen Biovac FD 15 N Grp og leidningar knytt til dette anlegget på følgjande vilkår:

1. Tiltaket skal plasserast som vist i situasjonsplan datert 28.07.2017 med heimel i pbl. § 29-4, jf. SAK § 6-3.
2. Det vert gjeve graveløyve/løyve til boring under fylkesveg 397 frå Statens Vegvesen
3. Tiltaket skal knytast til privat avlaupsanlegg i samsvar med utsleppsløyve i sak/vedtak 17/2319-31055 datert 30.05.2018, og utførast i samsvar med godkjent situasjonsplan.

Før det vert gjeve ferdigattest/mellombels bruksløyve for tiltaket skal følgjande ligge føre:

1. Faktisk plassering av avlaupsanlegg og leidningar må vere målt inn, og koordinatar sendt kommunen.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Føretak som har fått avslag på søknad om ansvarsrett har særskilt rett til å klage over dette vedtaket. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Kopi av dette vedtaket, samt andre saksdokument, skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen.

Ved all vidare kontakt i denne saka, referer til saknr.: 17/2319

Ansvar

Tiltakshavar er ansvarleg for at byggverket vert oppført i tråd med føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, jf. pbl. § 23-1, 2. ledd. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner gjeld føresegnene før løyvet. Vedtak etter plan- og bygningslova inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve, jf. pbl. § 21-6.

Bortfall av løyve

Om bygggearbeidet ikkje er sett i gang innan 3 år etter at dette løyvet er gitt, eller vert innstilt i lengre tid enn 2 år, fell løyvet bort, jf. pbl. § 21-9. Dette gjeld også dispensasjonsløyvet.

Avfall

Alt avfall som tiltaket fører med seg skal leverast til mottak godkjent av forureiningsstyresmakta.

Mellombels bruksløyve/Ferdigattest

Tiltaket skal avsluttast med ferdigattest, jf. pbl. § 21-10 og SAK § 8-1. Ingen delar av byggverket må takast i bruk før ferdigattest eller mellombels bruksløyve ligg føre.

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Ingrid Bjørge Pedersen
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Lindås Rør & Sanitær AS

Burkhovdane 1 5914

ISDALSTØ

Lindås Rør & Sanitær AS

Burkhovdane 1 5914

ISDALSTØ

Svein Aage Løberg

Reikeråsvegen 63 5913

EIKANGERVÅG

A